

Referat møte nr 01/15 Styringsgruppa for Førdepakken

Møtedato: 5. mars 2015 kl 12:00-13:45

Stad: Video

Møteleiar: Nils Magne Slinde

Referent: Dina Lefdal

Til stades: Tore Eriksen (TE), Ole-John Østenstad (OJØ), Nils Magne Slinde (NMS), Arve Seger (AS), Ingar Hals (IH), Dina Lefdal (DJL), Oddvar Flæte (OJF)

Forfall:

Kopi til:

Sakshandsamar/innvalsnr:

Dina Lefdal - 57655706

Vår dato: 5.3.2015

Vår referanse: 2014/057441-6

Sak nr		Ansvar / frist
1/15	<p><u>Referat frå siste møte</u> Godkjent</p> <p><u>Gjennomgang oppfølgingssaker</u> <i>Sak 8/14 Utbyggingsavtaler og rekkefølgebestemmelser</i> Dette er ei sak mellom Førde kommune og fylkeskommunen. Dei tek opp att diskusjonen etter at St.prp for Førdepakken er godkjent. Punktet går ut av oppfølgingslista.</p> <p>Verdi på utbyggingsavtalar per delstrekning: Referat frå møte om dette er vedlagt. Gjennomgang på neste møte.</p> <p><i>Sak 26/14 Organisering</i> Organisasjonskart vedlagt. Eventuelle endringar er først aktuelt etter at KS2 er ferdig.</p>	<p>IH/26.5.15</p> <p>IH/NMS</p>
2/15	<p><u>Planmidlar/planlegging 2015</u> IH orienterte om status, jf notat sendt ut før møtet. Styringsgruppa vil gjerne ha slike notat.</p> <p>Bomstasjonane skal på plass så raskt som råd etter at Stortinget har vedteke St. prp. Erfaring frå andre prosjekt tilseier at dette kan ta 9-12 månader.</p> <p>IH sjekker om St.prp for Førdepakken vil gje føringar for kor tid stat, fylkeskommune og kommune skal bidra med midlar.</p>	<p>IH/13.3.15</p>



Førde kommune



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen

3/15	<p><u>Status KS2. Orientering om møte i SD 24. februar 2015</u> IH orienterte om møte i Samferdsledepartementet. KS2-konsulenten meiner finansieringa av Førdepakken er robust og at endringar i renteførestnader vil slå lite ut ved parallell innkrevjing. Konsulenten er beden om å gjera fleire vurderingar kring gjennomgangstrafikken og samsvar mellom nytte og betaling for denne, og har fått utsett leveringsfrist til 7. april. Det er framleis føresett handsaming i Stortinget før sommarferien 2015.</p>	
	<p>Førdepakken er unnteken frå KS1. DL skal finne dokumentasjonen på dette.</p>	DL/15.3.15
4/15	<p><u>Engasjement av forretningsførar i bomselskapet</u> Det vart diskutert kor tid det er aktuelt for Førdepakken AS å engasjere forretningsførar. Dette er det opp til styret i selskapet å vurdere.</p>	
5/15	<p><u>Ymse</u> <i>Betaling av KS2-konsulent</i> Statens vegvesen avklarar finansiering. Etter møtet: Det er avklart at Statens vegvesen dekker kostnad med KS2-konsulenten med planmidlar på aktuell riksveggrute.</p> <p><i>Samansetjing av styringsgruppa</i> NMS byter jobb i løpet av sommaren. Det er førebels ikkje avklart kven som skal representere Statens vegvesen i styringsgruppa etter dette.</p> <p><i>Neste møte</i> 26. mai kl 12:00-14:00. Videomøte</p>	NMS